



Årsmelding Vikedal ungdomslag 2013

Styret har bestått av:

Nils Erik Eide (leiar), Gro Anett E. Leifsen (nestleiar), Venke Jonassen (sekretær), Tone Helen Haugland (kasserar), Stian Hundseid Dahlberg (styremedlem), Anja Våg Skjold (styremedlem), Even Opsal (varamedlem) og Knut Helge Skjold (varamedlem).

Det har vore eit roleg år i Vikedal Ungdomslag. Styret har ikkje hatt fysiske styremøter, men hatt ein del virtuelle møter via lukka Facebookgruppe. Det har fungert til enkel kommunikasjon og avgjerder mellom styremedlemmene.

Hovudmålet til styret for året 2013 var, som i fjar, å skaffe nok pengar til vår avtalte støtte til idrettshallen i Vikedal. Styret gjorde i 2011 eit vedtak at me i fire år, fra 2012, skal støtte årlig med 25.000,- til drift av hallen. I tillegg gav Vikedal Ungdomslag 50.000,- i gåve til bygginga av hallen. Me har to år igjen av denne avtalen.

For å skaffe desse pengane arrangerte V.U.L, tradisjonen tru, musikalsk kulturveld 20. mars, i samarbeid med vårt eminente revyband Port Salutt Band. Det var eit vellukka arrangement som gav gode pengar til V.U.L kassen. V.U.L skal også stå som arrangør for musikalsk kulturveld 10. mars 2014, like før påske.

I tillegg til denne kulturelle kvelden, har V.U.L leigd ut anlegget til ulike arrangement. Dette gir også trygge og gode inntekter til laget. Av arrangement kan nevnast «Hestanipen Opp», motorstevner NMK Vikedal, Ølmedal Rundt, 4H fest, juleball, juletrefest, karusellrenn Fjellstøl og ulike andre arrangement.

Under Sommarfestivalen i Vikedal arrangerte V.U.L også dette året barne – og ungdomsdisko på Vikedal Bygdahus. Dette var eit kjekt arrangement, det gav gode pengar i kassen.

V.U.L har søkt og fått midlar frå Noregs Ungdomslag og Vindafjord kommune.

Etter årsmøtet i fjar, blei Vikedal Ungdomslag registrert i frivillighetsregisteret. Då kunne V.U.L registrere laget som Grasrotlag. Dette gir Vikedal Ungdomslag greie inntekter: Her er ein oversikt over kva laget fekk inn i fjar og til no i år:

Periode	Antall spillere	Generert beløp
2014	14	1 091,10
2013	13	3 252,90

Adresse/tlf/e-post:

Vikedal Ungdomslag, Postboks 13, 5586 Vikedal
Telefon: 52 76 05 04 - Mobil: 46 89 08 55

E-post: eideniss@online.no

Kontonummer:

3244 05 20501



Org. nummer:

984 039 883

www.vikedal-ungdomslag.no



VIKEDAL UNGDOMSLAG.....*for ei aktiv bygd!*

Vikedal Ungdomslag hadde som mål i 2013 å byte lokale frå Røde kors huset til båthamnbygget. Dette har me ikkje fått til, og V.U.L leiger framleis lokale av Røde Kors. Dette fungerer greitt som øvingslokale for medlemmer.

Som største andelseigar i Vikedal Bygdahus stilte V.U.L med representantar på årsmøtet i Vikedal Bygdahus 27. februar 2014.

Til trass for eit “passivt” år i Vikedal Ungdomslag, har me klart målet vårt å få inn nok pengar til å klara å betala vårt bidrag til Vikedal Idrettshall. Det er veldig bra.

Me satsar på at komande styreår vert meir aktivt, og at me framleis klarar å halda liv i våre faste aktivitetar fram mot neste årsmøte.

Eg vil nytta høvet til å takka styret for året som gjekk og ser fram til eit nytt år.

Takk for i år!

26.03.14

Nils Erik Eide

Leiar Vikedal Ungdomslag

Adresse/tlf/e-post:

Vikedal Ungdomslag, Postboks 13, 5586 Vikedal
Telefon: 52 76 05 04 - Mobil: 46 89 08 55

E-post: eideniss@online.no

Kontonummer:

3244 05 20501



Org. nummer:

984 039 883

www.vikedal-ungdomslag.no